



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
15/368

Vår ref.
15/1010 - TJU

Dato
03.03.2015

Høring - Forskrift om forsøk med nedsett stemmerettsalder til 16 år ved kommunestyrevalet i 2015

Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementets brev 29. januar 2015 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgende merknadar:

Vi har forstått det slik at brevet faktisk er høyringsnotatet. I så få fall er det kort og lite presist. Merknadane våre er difor utforma berre ut frå sjølve forskriftsutkastet.

Dette er ei kort forskrift, og det verkar ikkje å vera behov for å dele ho opp i kapittel. I overskriftene til dei ulike paragrafane bør det ikkje visast til vallova. Dette kan eventuelt gjerast i forskriftsteksten dersom det er behov for det.

I fleire paragrafar er det skrive eller vist til at personar «*som fyller 16 eller 17 år*» i valåret har stemmerett. Sidan det sentrale poenget er ei utprøving av stemmerettsalder på 16 år, kan dette formulerast som at personar «*som har fylt eller fyller 16 år i valåret, har stemmerett*». Dette gjeld alle stader formuleringa er brukt.

I § 5 i forskrifta kan det til dømes heite at «*Bare personer som har fylt eller fyller 18 år i valåret, er valgbare til kommunestyret.*» Dette får tydelegare fram kven som faktisk kan veljast, og det er då ikkje behov for å seia kva som ikkje gjeld.

Det er uklart om meininga er at § 8 skal ha tre ledd eller ei punktopstilling. I alle

høve verkar det ikkje å vera behov for korkje fleire ledd eller punktoppstilling, og paragrafen kan til dømes lyde slik:

«Ved prøving av stemmegivning avgitt i stemmeseddelkonvolutt skal det først kontrolleres om velgeren er en del av forsøket med stemmerettsalder på 16 år. Stemmesedlene til disse velgerne legges i en egen bunke, og eventuelle stemmesedler til fylkestingsvalget fjernes. Stemmesedlene i bunken skal blandes med de øvrige stemmesedlene.»

Det er endeleg noko uklart for oss kva som er meint med utkastet til § 11 i forskrifta, og om det eigentleg er behov for denne føresegna. Har det i denne samanhengen noko faktisk å seia om kommunen er med i forsøksordninga med elektronisk avkryssing i manntalet? Utkastet verkar ikkje å seia noko meir enn det som skal følgje av ei anna forskrift.

Med vennleg helsing

Harald Aass
fagdirektør

Toril Juul
seniorrådgjevar